



SARTOR & DRANGE AS  
Postboks 374  
5343 STRAUME

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Astrid Holte, 5557 2319

## Endra løyve til Sartor & Drange AS til drift av avfallsanlegg i Hauglandsdalen

Vi viser til varsel om endring av løyve sendt til verksemda 09.03.2022.

### 1. Vedtak

Statsforvaltaren endrar Sartor & Drange AS sitt løyve til drift av avfallsanlegg i Hauglandsdalen. Oppdatert løyve med krav og vilkår ligg vedlagt.

Endringane i løyvet gjeld frå 08.04.2022.

Endringane omfattar nokre rettingar i dokumentet, presiseringar for å gjere det tydelegare kva som er meint, og fjerning av unødige vilkår. Endringane vert gjort med heimel i forureiningslova § 18-2, da vi vurderer at endringane ikkje vil føre til urimeleg kostnad for forureinar.

Sartor & Drange AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren sin saksbehandling. Gebyret er fastsett til 10 500 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

### 2. Kort om bakgrunnen for saka

Statsforvaltaren har teke initiativ til mindre endringar, oppdateringar og presiseringar i løyvet til drift av avfallsanlegg i Hauglandsdalen i samband med overføring til Sartor & Drange AS.

#### 2.1 Rettsleg utgangspunkt

##### Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

##### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren



utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

### Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte, slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

## 3. Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

### 3.1 Grunngjeving for vedtaket

Endringane i løyvet omfattar nokre rettingar i dokumentet, presiseringar for å gjere det tydelegare kva som er meint, og fjerning av unødige vilkår.

### 3.2 Grunngjeving for utvalde vilkår og krav

Vi gjer følgjande endringar:

- Endrar frå Fylkesmannen til Statsforvaltaren i heile dokumentet, oppdaterer kontaktinformasjon, nummerering av punkt mv. Endringa er ei rydding i dokumentet og inneber ikkje ei endring av rettar og pliktar for den ansvarlege.
- Krav til utskifting av utstyr er flytta frå punkt 13 til punkt 2.4, utan at innhaldet vert endra. Dette er gjort for at nummereringa skal samsvare med krav i andre løyve til forureining. Endringa er ei rydding i dokumentet og inneber ikkje ei endring av rettar og pliktar for den ansvarlege.
- I punkt 1 rammevilkår presiserer vi at løyvet gjeld for reine overskotsmassar av jord og stein. I søknaden som låg til grunn for løyvet som vart gitt i 2020 står det at «*Søknaden gjelder kun tillatelse til jord- og steinmasser som oppstår i forbindelse med samferdselsutbygging og andre anleggsarbeider*» Vidare står det i planskildringa at «*Det tas ikke sikte på mottak av inerte masser, - kun rene jord og steinmasser.*» Det er dermed tydeleg at det er jord- og steinmassar vi har tatt stilling til og gitt løyve til. Presiseringa sikrar også at løyvet er i samsvar med det som er meint i reguleringsplanen. Vi legg til eit nytt punkt 3.1 om avfallstypar der vi har samla tekst om kva avfallstypar anlegget kan ta imot. Endringane er ikkje ei endring av rettar eller pliktar for den ansvarlege samanlikna med gjeldande løyve, men er gjort for å gjere det tydelegare kva avfallstypar løyvet gjeld for.
- Teksten til kartet i punkt 1 er presisert, slik at det er eintydig kva område på kartet som er meint. Endringa er ei presisering og inneber ikkje ei endring av rettar og pliktar for den ansvarlege.
- Vi har lagt til nytt punkt 2.7 med krav til internkontroll. Tidlegare eigar var ein privatperson, medan ny eigar er eit selskap som har plikt til internkontroll. Krav til internkontroll vil uansett gjelde for verksemdar med tilsette, og endringa inneber såleis i liten grad endring av rettar og pliktar for den ansvarlege. Vi endrar likevel teksten slik at presiseringane av krav til internkontroll når det gjeld forureining kjem med. Vilkåret vert dermed i tråd med krav til internkontroll som normalt vert sett i løyve til forureining.
- Krav til tilstandsrapport for forureina grunn og grunnvatn i punkt 8.1 er fjerna og erstatta med nytt vilkår om opprydding i påvist grunnforureining. Forureining i grunnen er allereie kartlagt på området der løyvet gjeld, og kommunen har godkjent tiltaksplan med vilkår om innsending av sluttrapport. Det vil ikkje vere mogleg å oppfylle vilkåra i grunnforureiningsaka dersom verksemda startar oppfylling med massar. Vi erstattar derfor tidlegare krav om tilstandsrapport



med nytt krav om dokumentasjon på at grunnforureiningssaka i kommunen er avslutta før oppstart.

- Vi fjernar krav til overvaking av grunn og grunnvatn i punkt 8.2, da vi vurderer at vilkåret er unødvendig. Det er lite sannsynleg at aktiviteten som er regulert i løyvet vil føre til forureining av grunn eller grunnvatn dersom vilkåra i løyvet vert følgt.
- Vi presiserer i punkt 12.5 om rapportering at vurdering av status for utslepp inkluderer resultat av utsleppskontroll. Det er krav om at verksemda skal vurdere status opp mot krava i løyvet. I løyvet er i punkt 7 om nærmiljø er det sett krav om at avfallet ikkje skal føre til forureining eller andre ulemper for omgjevnadene. Det er vist til nærare krav i mellom anna punkt 4 om utslepp til vatn. Omgjevnadene vil for dette anlegget omfatte vassresipienten.

## 4 Faktagrunnlag

### 4.1 Kort informasjon om verksemda og utsleppa

Verksemda skal drive mottak for reine overskotsmassar av jord og stein innanfor eit område regulert til dette føremålet. Reint overvatn skal førast vekk, medan forureina overvatn frå området for massemtak skal førast via sandfilter og sedimenteringsbasseng for å avgrensa transport av finstoff ut av området.

## 5 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forureiningsloven*.

### 5.1 Korrespondanse

Sartor Maskin AS vart i brev 28.09.2021 informert om at dei ville få ein del ekstra vilkår om internkontroll m.v. i samband med at løyvet vart overført frå ein privatperson til eit selskap. Drange Maskin AS fusjonerte i 2021 med Sartor Maskin AS, til selskapet Sartor & Drange AS. Sartor & Drange AS overtok som ansvarleg for løyve 09.03.2022.

### 5.2 Førehandsvarsel og uttalar/fråsegner

Partane i saka vart varsla om endringane 31.03.2022, og kravet til varsling i forureiningsforskrifta § 36-6 er dermed stetta. Vi reknar ikkje med at vedtaket vil få følgjer for andre partar eller ålmenta, og varsling etter § 36-7 og 36-8 er dermed ikkje er nødvendig.

I varselet vart frist for å gje merknadar til utkast til endra vilkår sett til 31.03.2022. Vi har ikkje fått merknadar innan fristen.

## 6 Andre forhold

### 6.1 Kommentar til gjeldande krav i løyvet til utslepp til vatn

Krava til utslepp til vatn er ikkje endra. Under følgjer nokre kommentarar til dei gjeldande vilkåra.

I punkt 12 er det krav om utsleppskontroll og rapportering. Dette omfattar mellom anna

- krav til representativ prøvetaking av utslepp til vatn
- årleg rapportering til Statsforvaltaren om status for utslepp
- vurdering av om verksemda fører til miljøulempesom bør utbetrast

I program for utsleppskontroll skal det gå fram kor ofte ein må ta prøver for at dei skal vere representativ og kva parametarar som skal undersøkjast. Vi legg til grunn at innhald av partikulært materiale vil bli målt, i tillegg til andre relevante parametarar. Verksemda må kvart år, på bakgrunn av måling av utsleppet, vurdere om det er fare for at utsleppet fører til miljøulempesom i resipienten. I denne samanhengen vil det vere viktig at verksemda har tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere



miljørisiko, slik det er krav om i punkt 2.6 i løyvet. Dei årlege rapportane vil saman med tilsyn og annan informasjon nyttast som grunnlag for å vurdere om vi skal setja grenser for ein eller fleire komponentar i utsleppet, slik det går fram i punkt 4.3 i løyvet.

### **6.2 Kommentar til gjeldande krav i løyvet til overvaking**

Det er ikkje sett særskilt krav til overvaking av resipienten i løyvet. Dersom utsleppskontrollen avdekker uakseptabel forureining i avløpsvatnet, må vi likevel vurdere om det er nødvendig å overvake om utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten. Om det er nødvendig å sette krav til overvaking vil bli vurdert dersom vi får informasjon om at utsleppet inneheld forureining som kan påverke tilstanden i vassførekomsten.

Med helsing

Kristin Espeset  
senioringeniør

Astrid Holte  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Løyve med endra opplysningar om ansvarleg verksemd og forslag til endra vilkår

Kopi til:

Audun Zitzelau Aasebø  
ASKØY KOMMUNE

Åsebøvegen 181  
Klampavikvegen 1

5307  
5300

Ask  
KLEPPESTØ



## Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg i Hauglandsdalen, Askøy kommune

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, og endra med heimel i forureiningslova § 18 første ledd punkt 2. Løyvet med seinare endringar er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 5 til og med side 17. Dette løyvedokumentet er ajourført per 08.04.2022 og erstattar tidlegare løyve.

Dersom den ansvarlege for verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Nøkkeldata

Bedrift	SARTOR & DRANGE AS
Postadresse for bedrifta	Postboks 374, 5343 STRAUME
Org. nummer (bedrift)	972 209 635
Næringskode og bransje	43.120 Grunnarbeid
Kategori for verksemda <sup>1</sup> / Type verksemd	Deponi for overskotsmassar av jord og stein som ikkje er forueina
Stad/gateadresse	Idrettsvegen 156, 5353 STRAUME
Kommune og fylke	Askøy, Vestland
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 288147, nord: 6711290
Gards- og bruksnummer	22/50 og del av 23/3

### Referansane til Statsforvaltaren

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2020.1260.T	4627.0206.03	2021/12300

Løyve første gang gitt:	Løyve sist revidert i medhald av	Løyve sist endra:
18.03.2020	fl § 18, 3. ledd <sup>2</sup> : -	08.04.2022

Kristin Espeset senioringeniør	Astrid Holte senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk</i>	

<sup>1</sup> Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

<sup>2</sup> Forureiningslova § 18 tredje ledd om endring og omgjerding av løyve etter 10 år



### Endringslogg

Endringsnr.	Endringar av	Punkt	Omtale
01	24.93.2020	12.1	Retta «jf. Punkt 13.4» til «jf. Punkt 12.4»
02	xx	Framsida	Oppdatert med informasjon om ny eigar mv.
		Heile dokumentet	Endra frå Fylkesmannen til Statsforvaltaren, oppdatert kontaktinformasjon mv. Oppdatert nummerering av punkt.
		1	Presisering av at løyvet gjeld for jord og steinmassar
		2.4	Flytta krav til utskifting av utstyr frå punkt 13 til punkt 2.4. Innhaldet er uendra.
		2.7	Nytt punkt om internkontroll
		3.1	Nytt punkt om avfallstypar anlegget kan ta imot. Ikkje nye krav men teksten er flytta frå punkt 3.5 om mottakskontroll. Tekst i punkt 1 er gjentatt og presisert.
		8.1	Krav til tilstandsrapport for forureina grunn og grunnvatn er erstatta med nytt vilkår om opprydding i påvist grunnforureining.
		8.2	Krav til overvaking av grunn og grunnvatn utgår
		13	Tidlegare punkt 13 om utskifting av utstyr er flytta til punkt 2.4



## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Rammevilkår</b>	<b>5</b>
1.1	Driftstid	5
1.2	Utforming av anlegget	5
<b>2</b>	<b>Generelle vilkår</b>	<b>6</b>
2.1	Utsleppsavgrensingar	6
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	6
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	6
2.4	Utskifting av utstyr	6
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	6
2.6	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	6
2.7	Internkontroll	6
2.8	Krav til kompetanse	7
<b>3</b>	<b>Krav til mottak og lagring av avfall</b>	<b>7</b>
3.1	Avfallstypar anlegget kan ta imot	7
3.2	Journalføring og dokumentasjon ved mottak	7
3.3	Mottakskontroll	7
3.4	Informasjon til kundar	7
3.5	Framande artar	7
<b>4</b>	<b>Utslepp til vatn</b>	<b>8</b>
4.1	Reint overvatn	8
4.2	Avløpsvatn og forureina overvatn	8
4.3	Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.	8
4.4	Sanitæravløpsvatn	9
<b>5</b>	<b>Utslepp til luft</b>	<b>9</b>
<b>6</b>	<b>Støy og lys</b>	<b>9</b>
6.1	Støy	9
6.2	Lys	9
<b>7</b>	<b>Omsyn til nærmiljø</b>	<b>9</b>
<b>8</b>	<b>Grunnforureining og forureina sediment</b>	<b>10</b>
8.1	Opprydding i påvist grunnforureining	10
<b>9</b>	<b>Kjemikal</b>	<b>10</b>
<b>10</b>	<b>Avfall frå drifta av anlegget</b>	<b>11</b>
<b>11</b>	<b>Tiltak for førebygging og beredskap mot forureining</b>	<b>11</b>
11.1	Miljørisikoanalyse	11




<b>11.2 Førebyggjande tiltak</b>	<b>11</b>
<b>11.3 Etablering av beredskap</b>	<b>11</b>
<b>11.4 Varsling om akutt forureining</b>	<b>11</b>
<b>12 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren</b>	<b>12</b>
<b>12.1 Kartlegging av utslepp</b>	<b>12</b>
<b>12.2 Utsleppskontroll</b>	<b>12</b>
<b>12.3 Kvalitetssikring av målingane</b>	<b>12</b>
<b>12.4 Program for utsleppskontroll</b>	<b>12</b>
<b>12.5 Rapportering til Statsforvaltaren</b>	<b>12</b>
<b>13 Eigarskifte</b>	<b>12</b>
<b>14 Nedlegging</b>	<b>13</b>
<b>15 Tilsyn</b>	<b>13</b>
<b>VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1</b>	<b>14</b>
<b>VEDLEGG 2 - Definisjonar</b>	<b>16</b>



## 1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, flytting og sluttdisponering av reine overskotsmassar av jord og stein frå bygg og anlegg på gnr. 22/50 og deler av gnr. 23/3 i Askøy kommune. Eigna jord- og steinmassar for gjenvinning ved utfylling, kan knusast ned og soldast før utnytting i samsvar med reglane i forureiningslova. Samla volum for ferdig utfylt masse skal ikkje overstige 470 000 m<sup>3</sup>.

Figur 1 viser kart over anleggsområdet. Aktiviteten som løyvet regulerer skal gå føre seg på området vist i figuren som «reguleringsplan grense».



**Figur 1:** Kart over mottaksområdet. Dei to eigedomane er markerte saman med grense for reguleringsplanen.

### 1.1 Driftstid

Løyvet gjeld for ordinær drift mellom kl. 07.00 og 19.00 måndag til fredag. Drift er ikkje tillate på laurdagar, sundagar eller offentlege heilag- eller høgtidsdagar.

### 1.2 Utforming av anlegget

Handtering av massar skal skje på område utan tilgang for uvedkommande. Verksemda skal skjerme bustader, nærområde og offentlig veg best mogleg for skjemmaende innsyn.

Det skal ved behov etablerast avskjerande overvassgrøfter eller tilsvarande for å hindre at overvatn kjem inn på avfallsanlegget.

Nærare krav til utforming er spesifisert for dei ulike aktivitetane under punkt 3.

<sup>3</sup> Søknaden opplyser at motteken mengde på 500 000 m<sup>3</sup> vil utgjera ca. 470 000 m<sup>3</sup> etter setning



## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

### 2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

### 2.4 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе dei krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining som følgjer av relevante BAT-konklusjonar, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom verksemda skal skifte ut utstyr som kan vere av vesentleg betydning for verksemda sitt utslepp, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

### 2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutiner for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

### 2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgjer av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 12.4.

### 2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift . Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.



Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining følgjer av punkt 11.1.

## **2.8 Krav til kompetanse**

Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast.

Verksemda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko ved drift av denne typen anlegg.

På dette anlegget skal ein ha særskilt kompetanse på følgjande område:

- massekvalitet inn til anlegget
- framande artar<sup>4</sup>

## **3 Krav til mottak og lagring av avfall**

### **3.1 Avfallstypar anlegget kan ta imot**

Verksemda kan ta imot reine overskotsmassar av jord og stein frå bygg og anlegg. Grenser for innhald av forureining går fram av normverdiane i Vedlegg 1 til kapittel 2 i Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften).

### **3.2 Journalføring og dokumentasjon ved mottak**

Verksemda skal føre dagleg journal over kva slags massar, kvalitet, opphav og mengder som blir tekne imot ved anlegget. Registrering av avfallet skal skje med vekt eller volum. Mengder og disponeringsstader skal journalførast. Journalane skal vere lett tilgjengeleg ved kontroll og skal oppbevarast i minst 3 år.

### **3.3 Mottakskontroll**

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at massane som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Verksemda er sjølv ansvarleg for å halda seg oppdatert om eventuelle endringar i desse normverdiane.

Rutinene skal også hindre innblanding av ulovleg avfall, og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til lovleg avfallsanlegg.

Verksemda skal også gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreining og etablering av framande artar.

### **3.4 Informasjon til kundar**

Verksemda skal informere alle kundar om kva for massar som kan leverast til anlegget.

### **3.5 Framande artar**

Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreining og etablering av framande artar.

---

<sup>4</sup> Jf. lista «Fremmedartslista 2018». Lista finst på [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no)




## 4 Utslepp til vatn

### 4.1 Reint overvatn

Reint overvatn skal først vekk slik at dette ikkje kjem i kontakt med avfall. Avrenning av reint overvatn frå uteområdet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

### 4.2 Avløpsvatn og forureina overvatn

Vatn som drenerer frå området for massemtak, sjå figur 1 ovanfor, skal leiast til det området der filtrering og sedimentering er tenkt plassert. Dette området er vist slik i vedlegg til søknaden:



**Figur 2:** Plassering av sandfilter og sedimenteringsbasseng<sup>5</sup>

### 4.3 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

Når mottaksanlegget vert teke i bruk, skal det etablerast sandfilter og sedimenteringsbasseng med nødvendige kummar i samsvar med vedlegg til søknaden. På bakgrunn av målingar på vatn som går gjennom prøvetakingskummen<sup>6</sup> kan det bli aktuelt å setja grenser for ein eller fleire komponentar i avløpsvatnet.

<sup>5</sup> Henta frå notat Sunnfjord Geosenter

<sup>6</sup> Sjå punkt 12.2



#### 4.4 Sanitæravløpsvatn

Sanitært avløpsvatn skal handterast etter krav frå kommunen.

#### 4.5 Mudring

Dersom det som følge av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta.

### 5 Utslepp til luft

Verksemda skal drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.

Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å hindre støvutslepp frå alle støvande aktivitetar.

Det skal lagast planar for å førebyggje og hindre støv. Planane skal baserast på risikovurdering, jf. punkt 12.1.

Ved spesielle vêr- eller driftstilhøve som fører til auka risiko for støvflukt, skal det om nødvendig setjast i verk ekstra tiltak.

Verksemda skal behandle, handtere og lagre mottekne massar slik at det ikkje fører til fare for lukt for naboar og miljø. Om nødvendig må tiltak setjast i verk.

### 6 Støy og lys

#### 6.1 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg rundt verksemda skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtryknivå ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar
55 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>

L<sub>den</sub> er A-vegd ekvivalent støyntivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå drifta av mottaksanlegget, inkludert intern transport. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemdsområdet er likevel ikkje omfatta av grensene.

#### 6.2 Lys

Ved arbeid på kvelds- og nattetid skal verksemda sikre at lys frå arbeid/aktivitetar ved verksemda ikkje fører til vesentlege negative konsekvensar for naboar eller annan næringsverksemd i området.

### 7 Omsyn til nærmiljø

Avfallet skal behandlast, handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande eller fører til anna forureining eller andre ulemper for omgivingane. Om nødvendig må tiltak setjast i verk.

Nærare krav er omtalt under punkt 3, 4, 5 og 6.



## 8 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemnda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Verksemnda plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemnda plikter vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknadane av eit eventuelt utslepp til grunn og grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp til grunn og grunnvatn eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like jamleg. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadane og ulempene som verksemnda skal unngå.

Verksemnda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2<sup>7</sup>, eventuelt løyve etter forureiningslova.

Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

Ved endeleg nedlegging av verksemnda, skal verksemnda vurdere forureiningspotensialet i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining av relevante farlege stoff som er brukt, framstilt eller frigitt ved verksemnda og treffe dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast forureiningsstyresmakta. Opplysningar om dei tiltaka den ansvarlege har sett i verk, skal gjerast offentleg tilgjengeleg. Forureiningsstyresmakta kan stille ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå elles punkt 16.

### 8.1 Opprydding i påvist grunnforureining

På den delen av området som er omfatta av sak i Askøy kommune ref. 2019/5141-5 om grunnforureining, må verksemnda før oppstart av aktivitet som er regulert i dette løyvet, sende inn dokumentasjon til Statsforvaltaren på at grunnforureiningssaka i kommunen er avslutta.

## 9 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemnda, både som råstoff i prosess og som hjelpkemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemnda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemnda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemnda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>8</sup>

<sup>7</sup> Jf. Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

<sup>8</sup> Produktkontrolllova § 3a om substitusjonsplikt



Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket<sup>9</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

## 10 Avfall frå drifta av anlegget

Så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper pliktar verksemda å unngå at det blir danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal den prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta<sup>10</sup>.

## 11 Tiltak for førebygging og beredskap mot forureining

### 11.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av aktivitetane sine. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve som kan føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

- All behandling, handtering og lagring av massar skal vere basert på risikovurdering.
- Risikoen for spreining av framande artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. lista «Fremmedartslista 2018». Lista finst på [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

### 11.2 Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

### 11.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining.

Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

Dersom aktuelt, skal verksemda øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

### 11.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>11</sup>.

Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Statsforvalteren gjennom

[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) i slike tilfelle.

---

<sup>9</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

<sup>10</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

<sup>11</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining



## 12 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

### 12.1 Kartlegging av utslepp

Verksemnda skal systematisk kartleggje alle utslepp frå verksemnda til luft og vatn. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Verksemnda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av programmet for utsleppskontroll, jf. punkt 12.4.

### 12.2 Utsleppskontroll

Verksemnda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre vurderingar, og målingar der det er naudsynt.

Målingar omfattar volumstraumsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utslepp frå verksemnda og skal omfatte

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og med det er omfatta av rapporteringsplikta

### 12.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemnda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Statsforvaltaren kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemnda må i tilfelle dokumentere at det særlege omsyn ligg føre og at den valde metoden gir representative tal for dei faktiske utsleppa.

### 12.4 Program for utsleppskontroll

Verksemnda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemnda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemnda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 13.1 første ledd), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 13.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 13.3).

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

### 12.5 Rapportering til Statsforvaltaren

Verksemnda skal innan 1. mars kvart år rapportere frå førre år til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan be om at standard rapporteringsskjema blir brukt eller at det skal rapporterast via Altinn. Rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Oppsummering av mengder massar og -typar inn til anlegget
- Omfang av innslag av ulovlege fraksjonar i massane, handtering av dette, og utgreiing av førebyggjande tiltak og informasjonstiltak
- Eventuelle avvik innan ytre miljø og gjennomførte tiltak
- Vurdering av status for utslepp inkludert resultat frå utsleppskontrollen og påverknad av nærmiljø vurdert opp mot krava i løyvet
- Oppsummering av status for internkontrollen, inkludert ei vurdering om verksemnda har halde krava i løyvet og om verksemnda fører til miljøulempar som bør utbetrast

## 13 Eigarskifte

Om verksemnda blir overdratt til ny eigar, skal verksemnda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.



Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdratt, fisjoner/fusjonerer, får nye eigarar med bestemmende innverknad, på annan måte blir omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til forureiningsstyresmakta. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før forureiningsstyresmakta har mottatt og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet.

## 14 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand gje melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Dersom verksemda allereie har stilt garanti i samsvar med løyvet, kan forureiningsmynde i samband med ei nedlegging eller lengre driftsstans likevel krevje at garantien om nødvendig blir utvida.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>12</sup>. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

## 15 Tilsyn

Verksemda skal alltid la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget.

---

<sup>12</sup> Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall



## VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

### Liste over prioriterte miljøgifter

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 og punkta etter.

#### Metall og metallsambindingar:

	Forkortelser
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

#### Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

#### Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksine og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkan C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjedete klorparafin C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkan C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

#### Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

#### Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

#### Alkylfenolar og alkylfenoletoksyler

Nonylfenolar og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
-------------------------------------	------------------



Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

#### **Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)**

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte fsambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedea perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

#### **Tinnorganiske sambindingar**

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

#### **Polysykliske aromatiske hydrokarbon**

#### **PAH**

#### **Ftalat**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

#### **Bisfenol A**

#### **BPA**

#### **Siloksan**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

#### **Benzotriazolbaserte UV-filter**

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350



## VEDLEGG 2 – Definisjonar

I utgangspunktet gjeld alle definisjonar slik dei er nedfelt i det norske regelverket. I tillegg til regelverket er også definisjonar nedfelt i Norsk Standard lagt til grunn.

I dei tilfelle der det i dette løyvet er brukt nemning eller uttrykk som ikkje er meir dekt av anna norsk regelverk/standardar gjeld følgjande definisjonar:

**Avløpsvatn:** sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn

**Behandling:** prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinne

**Fast dekke:** dekke som har ei hard overflate, til dømes asfalt. Ikkje grus og liknande

**Handtering:** fellesnemning for mottak og gjenvinning under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling

**Køyresterkt dekke:** dekke som har ei hard overflate, til dømes grus

**Lagring:** all oppbevaring av avfall før vidare handtering eller vidaretransport til anna godkjent mottak

**Omlasting:** all overføring/fysisk flytting av sortert avfall frå ei oppbevaringseining til meir tenleg oppbevaringseining, ofte frå ei mindre eining til ei større. Omlasting av avfall endrar ikkje samansetninga til avfallet eller eigenskapar

**Organisk avfall:** matavfall, hageavfall og anna nedbrytbart avfall frå hushald og næring, inkludert nedbrytbart avfall frå industri, landbruk, akvakultur og avløpsslam

**Overvatn:** overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn

**Sortert avfall:** avfall der innhaldet til alle fraksjonane er kjent. Sortert avfall blir også kjenneteikna ved at samansetninga er utprega homogen, det vil seie er samansett av like material/materialtypar

**Tett dekke:** fast ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke med oppsamlingsmoglegheit for alle dei material/avfallstypar som skal handterast på eller i same område som det tette dekket (vatn, væske, faste stoff og liknande). Tett dekke er normalt betong i dag

**Usortert avfall:** avfall der innhaldet til alt eller delar av avfallet er ukjent og der avfallet ikkje har gjennomgått ei avsluttande behandling